



Bjorn Tore Hesjedal

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1848 - 15/14408

Saksbehandlar:

Bjarte Buanes

bjarte.buanes@meland.kommune.no

17.07.2015

## Svar på førespurnad om førehandskonferanse tilknytt planlagde byggjetiltak på gbnr. 24/58 m.fl. på Fossemyra i Meland kommune

Det vert vist til ovannemnde førespurnad dagsett 23.6.2015. Kommunen seier seg innleiingsvis lei for ein noko sein tilbakemelding grunna stor arbeidsmengde.

Ein del av føremålet med ein førehandskonferanse er å kunne ta førebels stilling til om eit planlagd byggjetiltak vil vere i samsvar med gjeldande lov- og arealplangrunnlag eller om tiltaket er avhengig av planendringar eller dispensasjonar frå gjeldande regelverk. Dersom tiltaket i alt det vesentlegaste synast å vere i samsvar med regelverket vil det normalt vere tilstrekkeleg at tiltakshavar og kommunen si byggesaksavdeling er til stades ved førehandskonferansen. Om det derimot synast naudsynt med planendringar eller meir omfattande dispensasjonar frå lov- eller plangrunnlaget vil saka i tillegg måtte avklarast med kommunen sin planavdeling.

På denne bakgrunn ber kommuneadministrasjonen om meir utfyllande opplysningar om det planlagde tiltaket (t.d. storleik, høgde og nærmare plassering av bygg, anlegg og terrenginngrep, bygningstype og materialbruk); dette for at kommunen skal kunne gi mest mogleg avklarande svar i førehandskonferansen.

Kommunen vil innkalle til førehandskonferanse straks saka er tilstrekkeleg opplyst.

Med venleg helsing

Bjarte Buanes  
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

**Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)



**Mottakere:**

Bjorn Tore Hesjedal